



- Uskedalen må opp frå jumboplassen i valdeltaking, sa Kjell Yri (Foto: Kristian Hus).

Valmøtet på Helgheim i Uskedalen tysdag, det siste før Kvinnherad-valet med heile partifloraen på plass, var prega av "lite svada og mykje fornuft". Dei vel 50 tilhøyrarane var samde i denne karakteristikken til møteleiar Kristian O. Bringedal, som også roste politikarar og spørjarar for god disiplin gjennom dei nesten tre møtetimane. Men det siste hadde han sjølv hovudæra for, med sin svært stramme regi.

Ein annan viktig konklusjon etter møtet var vona til tilskiparane Uskedal Utvikling om at Uskedalen denne gongen skal løfte seg opp frå ein lite smigrande jumboplass på måndag. Under siste val hamna bygda sist i frammmøtestatistikken med berre 53 prosent medan Rosendal til dømes hadde 69 prosent og Ølve/Hatlestrand/Varaldsøy 67. Kjell Yri runda av møtet med ein kraftig appell til uskedelingane om å gjera noko med dette.

Møtet var lagt opp til å vera sterkt lokalretta og det lukkast å halda på denne målsettinga sjølv om det ikkje var til å unngå at einskilde samferdsels-spørsmål vandra langt frå Uskedalen. Men eitt av dei var lokalt nok: Det var semje mellom alle parti om at den nye Rosendal-ruta bør stoppa på Herøysund. Arbeidarpartiets Synnøve Solbakken streka under at den raskaste måten å komma til Bergen på er via Herøysund og Os.



- Lite svada og mykje fornuft, sa møteleiar Kristian O. Bringedal. (Foto: Kristian Hus)

Eit anna førehands-annonsert tema var kva som bør skje med industriområdet Børnes og her var partia like samde om at det bør satsast friskare frå kommunen si side. Ordførar Bjarne Berge (TS) sa at det må gjennomførast "ein ryddeaksjon" og eventuelt lysast ut tomter der. Bjarne Lilleås (V) peika på at mykje er lagt til rette, men området er no prega av liten aktivitet og forfall og ser til dels ut som ein skrothaug. Børnes kan også bli snøggbåt-kai, meinte han. Varaordførar Otto Benjaminsson (KrF) sa at Børnes er eit flott område som bør vera med i brosjyra som er på gang med presentasjon av alle industriområda i kommunen.

Eit tredje tema var eventuell kommunal medverknad i tilretteleggjing av bustadområde og her var ikkje partia like samde. Både Synnøve Solbakken og Høgres Gunn Mari Moberg var for slik medverknad og i Uskedalen vil dette særleg vera aktuelt i samband med det store feltet Ospelunden. Solbakken heldt fram at å utløysa dette feltet er viktig for å få folk attende til bygda.

- Vi treng berre litt kapital for å få utløyst dette feltet, sa Kjell Yri. Han peika også på at det manglar ein sentrumsplan i Uskedalen men fekk noko betinga svar frå SV og SP då han spurde desse partia om dei var viljuge til å ofra dyrka mark.



Bjarne Lilleås (V) frå Uskedalen avslørte seg ikkje uventa som ein slagferdig politiskar (Foto: Kristian Hus)

Skulen var ikkje noko hovudtema under møtet, men Willy Kalsås frå RV sa at Bringedalsbygda skule vil vera utsett under ei eventuell skulesanering. – Men ved ei overflytting til Uskedalen av 60 elevar vil det kosta meir enn 10 millionar å rusta opp Uskedalskulen, sa han. Ordførar Berge presiserte at anslaget på 200 millionar for skulerestaurering også omfattar 5.000 kvadratmeter nybygg. Ellers meinte han at det er lite å tjene på å slå saman skular.

Thor Inge Døssland fekk positive svar frå partia då han spurde om dei ville auka tilskotet til lag og foreiningar. Willy Kalsås kom med ein advarsel: - Tru ikkje på det. Kultur blir alltid salderingsposten!

Av Ola Matti Mathisen



Elin Legland (Sp) var ein av fire uskedelingar i politikarpanelet. Her er ho flankert av Synnøve Solbakken (Ap) og Otto Benjaminsson (KrF). (Foto: Ola Matti Mathisen)